


Prima skitilbod i 2010!

02.01.2010



Det er eit heilt prima tilbod for dei som vil ta seg ein skitur i Uskedalen i år 2010. Trioen Per Arild Sjøwall, Åsmund Lilleaas og Yngve Myhre (biletet), var einige om det då uskedalen.no stoppa dei i det som vel må kallast Tormod-løypa. Ho er 2,5 kilometer lang og går høgt og lågt på jordane til Tormod og Kåre Myklebust - nedafor bilvegen.

- Held løypa også mål langrennsfagleg sett, ville vi veta.- Jau, ho er og heilt prima også med omsyn til høgdeskilnad, forsikra trioen som må reknast som svært ivrige mosjonistar.

Etter kva uskedalen.no har observert gjennom jule- og nyttårshelga har løypa til Tormod Myklebust vore svært mykje brukt tiltross for litt bitre minusgradar. Også løypa til Arne Haugland på Haugland har vore testa av både unge og eldre . Til dømes har den yngre generasjon vore i aksjon der no på laurdaags-ettermiddagen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)